



Her er alle etter at dei hadde fått på seg vestane. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Finn Guddal frå Byggeriet i Uskedalen vart ein populær mann på Uskedalen Oppvekstsenter fredag.

Han kom med 70 refleksvestar, og det tok ikkje lang tid før både dei eldste frå barnehagen (tre til fem år) og dei yngste på skulen (1.-4. klasse) var "oppkledd" slik dei bør vera i denne mørke tida.

- No vonar eg at dykk brukar vestane så ofte som mogleg, sa rektor Vidar Haugland til elevane då han takka for gåva.

Av Ola Matti Mathisen